




Denne turen tar oss til dei ytre deler av Hardangerfjorden, der fjorden er meir open og breid og gjer det beste utsyn mot den mektige Folgefonna på andre sida.

This trip takes you to the outer reaches of the Hardangerfjord, where it is wider and more open and offers the best view of the mighty Folgefonna glacier on the other side.



Kvam herad ligg på solsida (nordsida) av den vakre Hardangerfjorden. Våpenet har motiv knytt til tydinga av ordet kvam - «stad der eit hovuddalsføre knip seg ihop», som Steinsdalen endar i ein «kvam» under Tokagjelet. Jordbruk er ein viktig næringsveg, med fruktdyrking og blomstergartneri som spesialområde. I fjorden finst fleire større anlegg for oppdrett av laks og aure. Reiseliv har og sterke tradisjonar og er ei viktig næring. Heradet har 8.700 innbyggjarar.

Kvam district is on the northern side of the lovely Hardangerfjord. Its coat of arms reflects the meaning of the Norwegian word *kvam*, the head of a valley, in this case the head of Steinsdalen below Tokagjelet. Agriculture is a key industry, particularly fruit-growing and horticulture. The fjord contains several large salmon and trout farms. Tourism too has long been an important industry. The district has 8,700 inhabitants.



Oma, Strandebarm.

Foto: Willy Haraldsen

Avstander/Distances:

Bergen-Osøyro:	28 km
Osøyro-Hatvik:	5 «
Hatvik-Venjanaset:	ferje/ferry 10 min.
Venjanaset-Eikelandssosen:	14 km
Eikelandssosen-Mundheim:	17 «
Mundheim-Tørvikbygd:	30 «
Tørvikbygd-Norheimsund:	12 «
Norheimsund-Øystese:	6 «
Norheimsund-Trengereid:	45 «
Trengereid-Bergen:	22 «

Reiserute

Frå Bergen sentrum syddover på E39 via Nesttun-Kalandseid-Søfteland til Os/Osøyro. Frå Osøyro til venstre i rundkøyringa og inn på Rv552 til ferjeleiet Hatvik. Ferje til Venjanaset. Frå Venjanaset vidare på Rv552 til Eikelandssosen. I krysset i Eikelandssosen til høgre og inn på Rv48 gjennom Hålandsdalen og vidare til Mundheim (1) ved Hardangerfjorden. Frå Mundheim til venstre på Rv49, forbi Nes (2), Havn (3), Oma (4) til Tangerås (5) i Strandebarm (6-7). Deretter forbi Ljones (8) og til Tørvikbygd (9). Frå Tørvikbygd går det ferje til Jondal (sjå Rundtur nr. 20). Etter Tørvikbygd vidare på Rv49 forbi Stekka (10), Vangdal (11) og Vikøy (12) til Norheimsund (13). Vidare til Øystese (14) på Rv7. Etter Øystese retur mot Bergen på Rv7 gjennom Steinsdalen (15), oppover Tokagjelet (16) og over Kvamskogen (17). Etter Kvamskogen nedstigning mot Samnanger/Samnangerfjorden (sjå rundtur Rundtur 32). Etter Samnangerfjorden oppstigning mot Gullbotn, deretter ned til Trengereid og Sørfjorden, der vi kjem inn på E16 mot Bergen.

Route

From Bergen city centre, follow E39 south via Nesttun-Kalandseid-Søfteland to Os/Osøyro. Turn left at Osøyro roundabout and follow Rv552 to Hatvik ferry terminal. Ferry to Venjanaset. From Venjanaset, continue on Rv552 to Eikelandssosen crossroads. Turn right here onto Rv48 through Hålandsdalen, continuing to Mundheim (1) beside the Hardangerfjord. At Mundheim, left onto Rv49, passing Nes (2), Havn (3), Oma (4) en route to Tangerås (5) in Strandebarm (6-7). After this, continue past Ljones (8) to Tørvikbygd (9), from where a ferry operates to Jondal (see Excursion 20). Continue on Rv49 via Stekka (10), Vangdal (11) and Vikøy (12) to Norheimsund (13). Continue to Øystese (14) on Rv7. From Øystese, return towards Bergen on Rv7 through Steinsdalen (15), via Tokagjelet (mountain pass) (16) and Kvamskogen (17), then down to Samnanger (see Excursion 32). From the Samnangerfjord, climb towards Gullbotn, then descend to Trengereid by the Sørfjord, where we join the E16 to Bergen.



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Stader og ymse av interesse.

(1) **Mundheim.** Segna fortel at kong Bonde var gravlagt her, og sundet mellom Mundheim og Varaldsøy heiter Bondesund.

(2) På garden **Nes** finst interessant kulturlandskap og fleire gamle bygningar. Røykstova, bualoft, stabbur og eldhus frå Nes vart i 1912 flytt til Bygdøy, og utgjer kjernen i Vestlandshuset der.

(3) I **Havn** var der rester etter naustet for leidangskipet for Strandebarm skipreide. Skipreide var ein del av forsvaret i eldre tid, kvart distrikt hadde ansvar for å halda skip, mannskap og utrusting.

(4) På **Oma** ligg bedrifta Kværner Fjellstrand A/S som produserer katamaraner av aluminium. Bedrifta starta som einmannsbedrift, og har no meir enn 200 tilsette. Båtane held svært høg fart, og blir eksportert til mange land. Båtbygging har lang tradisjon i Strandebarm, tidlegare vart det bygd trebåtar mest på kvar gard. Strandebarmaren er ein kjend båttype.

(5) På **Tangerås** ligg barndomsheimen til Hans E. Kinck. Faren, Theodor, var distriktslege i Strandebarm, og var ein dyktig amatørmalar og fotograf. På Tangerås har det i den nyare tid vakse fram eit bygdesenter, med butikkar og servicefunksjonar.

(6) Like ved vegen sør for **Bru** ligg forsamlingshuset Haugatun, bygt i 1920-åra og teikna av arkitekt Torgeir Alsaker. Haugatun er freda og kan stå som eksempel på dei mange ungdomshusa i Hardanger. Dei fleste er restaurerte og framleis i bruk. Ved Bruosen ligg Strandebarm kyrkje, bygd i 1875. Her sto tidlegare ei stavkyrkje. Bruosen var handelsstad i eldre tid.

(7) I **Fossevågen** ligg gamle naust, herifrå vart mange Hardangerjakter rusta ut for Nordlandsfart i eldre tid. Frå Fossvågen går bilveg (bomveg) til stølen Holsete. Fleire stader i Strandebarm ser ein fiskeoppdrettsanlegg i fjorden. Fiskeoppdrett er ei stor næring i Kvam.

(8) Snart ser ein **Ljones**, ei skogkledd halvøy som stikk ut i fjorden. Her ligg Ljones gartneri, det største blomstergartneriet i Hordaland.

(9) Frå **Tørvikbygd** går ferja til Jondal. Like innanfor ligg garden Berge, der det finst restar av gamal eikeskog som er omlag 1000 år gamal. I det idylliske Bergsvatnet vaks takrøyr, som var brukt til takteking i gamal tid. Delar av Berge er landskapsvernområde.

(10) I den lune vika i **Stekka** er oppgangssaga restaurert. Stekka var også byggeplass for jakter.

(11) Ved austsida av tunnelen i **Vangdal** kan du parkera bilen og spasera gamlevegen. Flott utsikt over fjorden. I Salthammaren i Vangdal er eit interessant helleristingsfelt, med 5000 år gamle dyrefigurar, frå steinalderen. Nede ved sjøen finst skipsfigurar frå bronsealderen, ca. 3000 år gamle. God parkeringsplass og god tilkomst til det øvste helleristingsfeltet.

(12) I **Vikøy** ligg Framnes kristne vidaregåande skule, tidlegare Framnes folkehøgskule. Vikøy kyrkje er bygd i 1839, etter teikningar av slottsarkitekt Linstow. Like ved ligg Skulemuseet. Borgstova på Vikøy prestegard er ein del av Kvam Bygdemuseum. Adolf Tidemand måla fleire motiv frå prestegarden og frå området omkring. Borgstova er open for omvising.

(13) Tettstaden **Norheimsund** har bygningar frå ulike tidsperiodar, ein av dei eldste er Sandven Hotell. Delar av bygningen er døme på sveitserstilen, som var mykje brukt i slutten av 1800-talet. Norheimsund har godt utval av butikkar og er eit travelt handels- og kommunikasjonsenter. Her møtest Rv49 og Rv7. Hardanger Fartøyvernssenter har Skandinavia sitt største fagmiljø innan trebåtbygging og restaurering av trebåtar. Levande museum der ein ser korleis restaureringa vert utført. Båtsamling, utstillingslokale og informasjonssatd om eldre fartøy. Biletspel og kafe. Ope i arbeidstida, omvising etter avtale.

(14) **Øystese**, av aist – «blot, dyrking», d.v.s. stad for gudsdyrking. Øystese ligg fint til i ei lun vik av Hardangerfjorden og er av mange halde for å vera den vakraste bygda i Hardanger. Her er trivelege butikkar, bankar, post, kafear og restaurant. Ingebrigt Vik-museet er verdt eit besøk. Bilethoggaren har skapt fleire verk som står på Nasjonalgalleriet, og har m.a. laga Edvard Grieg-statua i Bergen.

(15) Ved **Steinsdalsfossen** går det sti bak fossen, og fossen kan beundrast frå baksida. På mange gardar ser ein troskykkjer (uthus til å lagra heisjestaure), bygde i grindekonstruksjon, ein byggjemåte som var brukt i stavkyrkjene.

(16) Øvst endar dalen i ein «kvam», ein trong botn, og går over i det ville **Tokagjelet**. Vegen sto ferdig i 1907, og det tok 5-6 år å byggja veg der. Vegen er no delvis lagd i tunnel, men «gamlevegen» er open for gang- og sykkeltrafikk. Gamlevegen har rik flora, og er eit interessant veghistorisk anlegg.

(17) **Kvamskogen** er ein populær utfartsstad. Her finst ca. 1800 hytter, alpinanlegg, skitrek og stolheisar. Vinterstid er her eit yrande liv. Også sommarsida kan Kvamskogen by på gode moglegheiter for turar, både korte og lange. Her er fjellstover og fleire serveringsstader som har ope året rundt.

Places of interest and attractions:

(1) **Mundheim.** Legend has it that King Bonde was buried here, and the stretch of water between Mundheim and Varaldsøy is called Bondesund.

(2) The farm at **Nes** contains an interesting collection of preserved buildings. Some farm buildings from Nes were moved to the Norwegian Folk Museum in Oslo in 1912.

(3) At **Havn** are the remains of the boathouse where the «conscripted vessel» was kept in former times, when each district had to maintain a ship, crew and equipment for defence purposes.

(4) **Oma** is home to Kværner Fjellstrand, which manufactures aluminium high-speed catamarans for many countries. The company started with one employee and now has over 200. The Strandebarm district has a long boatbuilding tradition and has given its name to a type of wooden vessel.

(5) **Tangerås** was the childhood home of the poet Hans E Kinck, whose father, a local doctor, was a keen amateur painter and photographer. In recent years Tangerås has developed into a centre for the district, with shops and services.

(6) Right beside the road south of **Bru** is the Haugatun community hall, built in the 1920s and now preserved as typical example of the many village halls in Hardanger, most of which are restored and still in use. At Bruosen, once a trading centre, Strandebarm church (1875) occupies the site of an earlier stave church.

(7) In the old boathouses at **Fossevågen**, many a vessel was fitted out for voyages to northern Norway in former times. From Fossvågen, a toll road (open to cars) leads to the Holsete shieling. The fjord in Strandebarm contains numerous fish farms, which are a major industry in Kvam district. (See Walk 20F)

(8) Soon you see **Ljones**, a wooded peninsula sticking out into the fjord, and site of Hordaland's largest horticultural nursery.

(9) A ferry operates from **Tørvikbygd** to Jondal. Just beyond this is Berge farm, where there are the remnants of an ancient oak wood, about 1,000 years old. The idyllic Bergsvatnet (lake) contains rushes, formerly used as roofing material. Parts of Berge are a protected scenic area.

(10) The calm inlet at **Stekka**, where sailing vessels used to be built, is the site of a restored sawmill.

(11) At the eastern end of the tunnel at **Vangdal**, you can park and walk along the old road. Fine views over the fjord. At Salthammaren there are some interesting rock carvings: Stone Age animals (5,000 years old) and Bronze Age ships (3,000 years old). Good parking facilities and easy access.

(12) Vikøy is home to a Christian further-education college. Vikøy church was built in 1839 to the design of the palace architect Linstow, and beside it is the School Museum. The servants' hall at the parsonage is open for guided tours. The area round the parsonage features in several of Adolf Tidemand's paintings.

(13) **Norheimsund** is the administrative centre of Kvam district. The name comes from Old Norse, meaning a narrow stretch of water. Norheimsund is a busy shopping and tourist centre and a good starting point for various excursions. Sandven Hotel is one of the oldest buildings in the village of Norheimsund. Parts of the hotel exemplify the Swiss architectural style popular in the late 19th century.

Hardanger Fartøyvernssenter is Scandinavia's leading centre of expertise in the construction and restoration of wooden boats. A living museum where you can see restoration work in action. Collection of boats, exhibition and information centre on historic vessels. Audio-visual presentation and cafe. Open during working hours, guided tours by arrangement.

(14) **Øystese**, whose name means place of worship, is situated in a sheltered creek of the Hardangerfjord. It is a centre for the tourism, with nice shops, banks, post-office, cafés, and restaurant. The Ingebrigt Vik Museum commemorates the sculptor whose works include Edvard Grieg's statue in Bergen and several pieces in the National Gallery, Oslo.

(15) At **Steindalsfossen**, a path beneath the waterfall allows you to admire it from behind. Many of the farms include outbuildings used for storing the poles of hay-drying racks, built using the same construction method as stave churches.

(16) The valley narrows towards its head and gives way to the wild Tokagjelet pass. The original road, which opened in 1907, took 5-6 years to build. The modern road is partly in tunnel, but the historic road remains open to walkers and cyclists, and abounds in plant life.

(17) **Kvamskogen** is a popular destination, with about 1,800 cabins, Alpine ski slopes, ski lifts and chairlifts.